



Nynorsk kultursentrum

Vedtaksprotokoll styremøte II

Ivar Aasen-tunet, Ørsta

tysdag 25. februar 2014 kl. 10.15–15.00

Til stades

Lodve Solholm (styreleiar), Grete Riise (nestleiar), Georg Arnestad, Sigrun Høgetveit Berg, Grete Riise, Jon Østbø, Stina Aasen Lødemel, Mona H. Hellesnes (rådsordførar), Audhild Gregoriusdotter Rotevatn (sak 20/2014), Milan Ilic (sak 23/2014), Laila Walseth Lid (sak 24/2014), Ottar Grepstad (sekretær)

Forfall

Brit Bildøen

Sakliste

Konstituering

08/2014 Konstituering og val
09/2014 Innkalling og sakliste

Saker til orientering

10/2014 Referatsaker med prioriterte oppgåver 2014
11/2014 Orienteringssaker
12/2014 Personalsaker

Vedtaksaker

13/2014 Budsjett 2014
14/2014 Søknader om offentlege tilskot 2015
15/2014 Olav H. Hauge-senteret: viktige oppgåver 2014
16/2014 Lyrikksamlinga i Ulvik folkebibliotek
17/2014 Årets nynorskbrukar 2014
18/2014 Utvikling av ny driftsavdeling i Vinje
19/2014 Vinjefondet
20/2014 Strategi for Allkunne

21/2014	Vurdering av Norsk kulturråd
22/2014	Strategiplan og langtidsplanar
23/2014	Langtidsplan kafé nr. 4 2014–2016
24/2014	Kommunikasjonsplan nr. 8 2014–2016: Hauge-senteret og Ulvik poesifestival
25/2014	Fullmakter
26/2014	Program styreseminar i Helsingfors 12.–13.6.2014

Konstituering

08/2014 Konstituering og val

Sigrun Høgetveit Berg leidde møtet under denne saka.

Vedtak

1. Styret bed rådsordføraren i samråd med direktøren informere departementet om den praksis Nynorsk kultursentrum følgjer ved skifte av styremedlemer og dei fristane vi arbeider etter.
2. Lodve Solholm blir vald til styreleiar for åra 2014–2015, og Grete Riise blir vald som nestleiar for åra 2014–2015.

09/2014 Innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjend.

Saker til orientering

10/2014 Referatsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

11/2014 Orienteringssaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

12/2014 Personalsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

Vedtakssaker

13/2014 Budsjett 2014

Vedtak

1. Styret godkjenner det reviderte drifts- og investeringsbudsjettet for 2014 under føresetnad av at drifta kan finansierast.
2. Styret bed om økonomisk status og prognose for basisutstillinga i Hauge-senteret til styremøtet i juni.
3. Styret delegerer til styreleiar å forme høyringsfråsegn om framlegg til kulturplan for Hordaland i samråd med direktøren.

14/2014 Søknader om offentlege tilskot 2015

Vedtak

1. Administrasjonen slutfører arbeidet med søknader om offentlege tilskot 2015 på grunnlag av drøftinga i styret og i samråd med styreleiaren.
2. Styret får tilsendt kopi av endeleg søknad til Kulturdepartementet for 2015.
3. Styret arbeider i tillegg vidare med saka om vidareføring av *Norsk Ordbok* på møta framover.
4. Styret bed rådet gi innspel om korleis Nynorsk kultursentrum bør utvikle arbeidet med immateriell kulturarv og internasjonalt samarbeid dei neste åra.

15/2014 Olav H. Hauge-senteret: viktige oppgaver i 2014

Vedtak

1. Styret godkjenner den endelege finansieringsplanen for basisutstillinga.
2. Styret godkjenner vilkåra for løyving til basisutstillinga frå Kulturdepartementet.
3. Styret handsamar invitasjonsliste til opning som brevsak i mai etter at rådet har gitt sine innspel.

16/2014 Lyrikksamlinga ved Ulvik folkebibliotek

Vedtak

1. Nynorsk kultursentrum er positiv til eit samarbeid med Ulvik herad og Ulvik folkebibliotek om vidare forvaltning av lyrikksamlinga i Ulvik folkebibliotek.
2. Nynorsk kultursentrum føreset at forvaltninga blir løyst på ein måte som er i samsvar med krav og føresetnader i gjeldande lovverk, særleg biblioteklova.
3. Med desse føresetnadene delegerer styret til direktøren å gjere avtale med Ulvik herad om forvaltning av lyrikksamlinga ved Ulvik folkebibliotek i Hauge-senteret. Styret føreset at Ulvik herad dekkjer dei kostnadene flytting, innreiing og drift inneber.

17/2014 Årets nynorskbrukar 2014

Vedtak

1. Prisen *Årets nynorskbrukar 2014* går til Aasmund og Odd Nordstoga for konsekvent og stilsikker bruk av dialektfarga nynorsk i mange former for songlyrikk, frå klassikarar til nyskrivne verk som raskt har kome på folkemunne.
2. Prisen er på 100 000 kroner som blir delt likt mellom prisvinnarane, eit grafisk trykk av Arne Nøst og eit diplom. Prisen blir delt ut under opningshøgtida for Dei nynorske festspela 26. juni 2014. Som ein del av prissummen tek prisvinnarane del i arrangementet "Prisvinnarens time" under Dei nynorske festspela 2014 og på eit anna arrangement i regi av Nynorsk kultursentrum i 2014.
3. Prisvinnarane og grunngivinga blir etter planen offentleggjort tysdag 4. mars.
4. Stret bed administrasjonen leggje fram forslag til endringar i retningslinjene for prisen til styremøtet i september.

18/2014 Utvikling av ny driftsavdeling i Vinje

Vedtak

Administrasjonen følgjer opp den vedtekne intensjonsavtalen på grunnlag av saksførelegg og drøftinga i møtet.

19/2014 Vinjefondet

Vedtak

1. Styret sluttar seg til dei endringane i retningslinjene som går fram av saksførelegget.
2. Styret gir styreleiaren fullmakt til endeleg oppnemning av fagråd ut frå saksførelegg og drøftinga i møtet.
3. I tråd med tilsegn frå 2012 løyver Vinjefondet 300 000 kr i 2014 til Nynorsk avissenter i regi av Firda Media AS.
4. Midlar for 2014 og 2015 blir lyste ut med søknadsfrist 15.8.2014 og med atterhald om budsjettvedtak i Stortinget for 2015.

20/2014 Strategi Allkunne

Vedtak

Styret bed om at administrasjonen til møtet i juni legg fram ein strategi- og handlingsplan for Allkunne AS som byggjer på den føresetnaden at selskapet blir drive vidare i regi av Nynorsk kultursentrum. Synspunkt frå saksførelegg og drøftinga i møtet blir innarbeidde i planen.

21/2014 Vurdering av Norsk kulturråd

Vedtak

Styreleiaren får fullmakt til å slutføre høyringsfråsegn om Norsk kulturråd innan 15.3. i samråd med direktøren på grunnlag av saksførelegg og drøfting i møtet.

22/2014 Strategi og langtidsplanar

Vedtak

1. *Visjon og strategi* blir frå no av drøfta annakvart år i styret, neste gong i 2015.
2. Planperiodane for alle langtidsplanane blir omgjorde til fire år med handsaming i styret kvart tredje år.
3. Styret handsamar på møtet i september kvart år *Prioriterte prosjekt og oppgåver* for neste år.

23/2014 Langtidsplan kafé nr. 4 2014–2016

Vedtak

1. Med dei merknadene som kom fram i møtet, godkjenner styret *Langtidsplan kafeen nr. 4 2014–2016*.
2. Styret handsamar planen neste gong i 2016.

24/2014 Kommunikasjonsplan nr. 8: Olav H. Hauge-senteret og Ulvik poesifestival

Vedtak

1. Styret godkjenner tillegget til kommunikasjonsplanen med dei merknadene som kom fram på møtet.
2. Styret handsamar framlegg til logo for Ulvik poesifestival som brevsak eller på telefonmøte.

25/2014 Fullmakter

Vedtak

Styret tek dokumentasjonen til vitende.

26/2014 Program styreseminar og styremøte Helsingfors

Vedtak

Styret delegerer til styreleiaren å fastsetje endeleg program i samråd med direktøren.

Godkjend protokoll

Protokollen frå styremøte II 25. februar 2014 er godkjend i møte 13. juni 2014.

Lodve Solholm

Grete Riise

Sigrun Høgetveit Berg

Georg Arnestad

Jon Østbø

Stina Aasen Lødemel

Ottar Grepstad